

---

Saksnr: 2020/74003-2  
Saksbehandlar: Kristin Arnestad og Ingjerd Skogseid  
Dato: 12.10.2020

---

---

**Til:** Hovudutval for næring

---

**Frå:** Fylkesdirektør for innovasjon og næring

---

## Regional plan for innovasjon og næringsutvikling - statusoppdatering

### Bakgrunn for denne saka


Hovudutval for næring vedtok planprogrammet for Regional plan for innovasjon og næring i sak 56/2020 i møte 16. september. Arbeidet med utarbeiding av framlegg til plandokument som fylkesutvalet i starten av 2021 skal vedta å legge på høyring er godt i gang, og vi vil i denne saka orientere om status for arbeidet og den vidare tidsplanen.

### Organisering og status på arbeidet med utarbeiding av regional plan

Svært mange personar både i fylkeskommunen og i andre organisasjonar er no involvert i arbeidet med utarbeiding av planen.

Arbeidsgruppene innanfor kvart tema er svært sentrale og har starta arbeidet. I hovudutvalet si sak 56/2020 fekk fylkesrådmannen fullmakt til å utarbeide mandat og føringar for arbeidsgruppene og utnemne deltakarar i desse. Det er også mange involvert elles i fylkeskommunen for å jobbe med heilskapen i planen, samordning med andre prosessar og planlegging av det vidare arbeidet, og det har blitt gjort eit omfattande arbeid med kunnskapsgrunnlaget for planen. Vi jobbar med planlegging av utarbeiding av handlingsprogram, og ser på korleis oppfølging av planen gjennom handlingsprogram og eventuelle årlege handlingsplanar/årsplanar skal leggest opp.

### Overordna organisering



### Mandat og arbeidsgrupper

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling er ein plan for heile Vestland fylke. Planen er fylket - ikkje fylkeskommunen - sin felles plan for innovasjon og næringsutvikling, det er såleis involvert svært breitt i utarbeidinga av plandokumentet. Arbeidsgruppene er sett ned for å sikre involvering og høve til å påverke sjølve planen for dei som planen vedkjem.

Det er fylkeskommunen som er planmyndigheit. Vi organiserer planarbeidet, utgreier saka og gjer dei nødvendige politiske vedtaka. Arbeidsgruppene på si side skal kome med innspel til planutkastet som skal ut på høyring over nyttår. Desse innspela tek fylkesrådmannen med seg i arbeidet med å utarbeide eit planutkast.

Det er utarbeidd mandat for kvar arbeidsgruppe som gjer greie for oppdraget og kva som er forventa at dei skal levere på. Fleire av punkta er felles, mellom anna målstruktur og krav til rapportering, mens det er gitt ulike føringar avhengig av kva tema dei skal arbeide med.

Arbeidsgruppene er bedt om å utarbeide framlegg til mål og strategiske arbeidsområde og strategiar:

1. Kor ønskjer vi å vere i 2031 - overordna mål i tråd med mål og strategiar i utviklingsplanen
2. Kva strategiske satsingsområde og strategiar må ein legge til rette for å nå måla.
3. Kva kan ein gjere på kort og lang sikt, kva bør gjerast i lag med andre planprosessar
4. Forslag til særleg viktige berekraftsmål. Ta utgangspunkt i berekrafts-måla som er definert i utviklingsplanen og legg eventuelt til andre som er særleg viktige, men vi må gjere eit utval.

Det er sett ned arbeidsgrupper med følgjande leiarar:

Omstilling og fornying	Innovative samfunn	Bergen som motor for innovasjon og næringsutvikling..	Arealbruk	Verktøykasse
• Nina Broch Mathisen frå Innovasjon Norge	• Anne Kverneland Bogsnes frå NAV	• Elin Sjødin Drange frå Bergen kommune	• Jan Heggheim frå Vestland fylkeskommune	• Kathrin Jakobsen frå Vestland fylkeskommune

I tillegg er det sett ned ei gruppe som skal jobbe særskilt med indikatorar, denne har deltakarar frå fylkeskommunen. Vi viser til vedlegg for fullstendig oversyn over deltaking i arbeidsgrupper.

### Omfattande arbeid med kunnskapsgrunnlag

Det ligg eit omfattande kunnskapsgrunnlag i planprogrammet. Det er i planprogrammet også vist til bestilte analysar. Desse har kome no i haust og det er lagt ned eit omfattande arbeid både internt i fylkeskommunen, i arbeidsgruppene og i partnerskapen elles for å få fram analysane og setje seg inn i det til dels svært omfattande kunnskapsgrunnlaget.

Av fleire nye analysar denne hausten nemner vi:

#### *Scenario for utvikling av næringslivet i Vestland.*

I seks månader har næringslivet i Vestland stått midt i ei krise som er ulik alle andre kriser som vi har vore gjennom tidlegare. Det er ein kamp for næringslivet å posisjonere seg i marknaden, og for nokre står kampen for å overleve. Frå før var rammevilkåra i endring grunna dei store endringsdrivarane i verda. Scenarioanalysa ser på kva dette betyr for næringslivet i Vestland, på korleis vi skal vinne fram i konkurransen og ta vår plass i framtidens næringsliv, og ikkje minst kva barrierar som står i vegen for å lukkast og kva suksessfaktorar som må til for å lukkast.

[Scenarioanalysa](#) blei lansert 28. oktober, og det er tre regionale presentasjonar i oktober/november.

#### *Drivers of regional economic restructuring:*

Det tre-årige forskingsprosjektet blei starta med utgangspunkt i oljekrisa som trefte regionen i 2014, og handlar om innovasjon og omstilling i næringslivet på Vestlandet. Vestland fylkeskommune har vore med å finansiert prosjektet gjennom det regionale forskingsfondet. Forskarane ville mellom anna finne ut korleis oljeprisfallet påverka næringslivet i regionen. Kven

har lukkast med innovasjon og orientering mot nye marknader? Kva er vilkåra for vellukka omstilling? Kva kan politikarane og kunnskapsinstitusjonane bidra med og korleis ser eit treffsikkert verkemiddelapparat ut?

[Funna frå forskingsprosjektet blei presentert på ei samling 30. september.](#)

#### Planlegging av høyringsperioden

Arbeidet med å planlegge høyringa er starta opp. Det er ynskjeleg å legge til rette for stor grad av involvering. Regionale høyringsmøter er eksempel på aktivitetar som blir vurdert.

#### Utfordringar i arbeidet

Svært mange personar frå ulike aktørar deltek i arbeidet. Generelt er mange svært positive til å bidra, men tida til å arbeide saman i gruppene er knapp. Det er eit svært omfattande kunnskapsgrunnlag som ligg føre, og mykje som skal gåast igjennom på kort tid. Smittesituasjonen har nok gjort arbeidet litt ekstra utfordrande. Fleire arbeidsgrupper hadde planlagt fysiske møter. No går det meste på video, noko som fungerer bra, men i slike prosessar er det alltid ein fordel å kunne treffast fysisk. Mange er også travle i utgangspunktet, og ikkje mindre no med ulike Covid-utfordringar som skal handterast. Vi ser at det er eit svært stort arbeid som skal gjerast på kort tid både i arbeidsgruppene og med heilskapen i dokumentet, samordning med andre prosessar og å planlegge korleis planen skal setjast i verk.

#### **Tidsplan for arbeidet framover**

Planprogrammet legg opp til endeleg vedtak av Regional plan for innovasjon og næring i fylkestinget i juni 2021. Fylkestinget og fylkesutvalet har vedteke møteplanen for alle politiske utval for 2021. Vi har legg opp til følgjande plan for vidare handsaming av planen:

- Hovudutvalet handsamar høyringsdokument: 12. januar
- Fylkesutvalet vedtek å legge planutkastet ut på høyring: 20. januar
- Høyringsperiode (tentativ): 25. januar - 15. mars
- Høyringsfrist: 15. mars
- Hovudutval for næring handsamar endeleg planframlegg: 26. mai
- Fylkesutvalet handsamar endeleg planframlegg: 27. mai eller 14. juni
- Endeleg vedtak i fylkestinget 16. og 17. juni

#### **Nye politiske føringar**

I møte 29. oktober, i sak 134/2020 gjorde fylkestinget følgjande vedtak:

*Vestland fylkesting vil i oppfylginga av utviklingsplanen og andre styringsdokument for Vestland fylke leggje stor vekt på å utvikle målretta tiltak for å utvikle industrikommunane. Fylkestinget vil arbeide for gode rammevilkår for industri som er basert på fornybar energi og medverke til at SSB sine prognosar 2020-2050 ikkje blir ein realitet på dette området.*

Dette tek vi med oss i arbeidet med utarbeiding av planen.

#### Vedlegg

- 1 Oversyn over deltakarar i arbeidsgrupper